

## Fargane til Kalypso

**Orda hadde bygd seg opp. Kvar gong dei ikkje kom ut, blei dei lagt heilt nedst i magen. Orda blei til murstein. Murstein skapte muren. Muren blei til klippa. Den er skarp. Ho blir kvelt innvendig. Klippa vernar om Kalypso. Og hennar fargestiftar.**

«Endeleg heime», tenkjer Kalypso. Ho er lei av alt som ikkje blei sagt den dagen. Ho gler seg mest til å kome seg på rommet. Finne fram *Det Aller Hemmelegaste*, og skrive ord. Ord som har bygd den indre muren ho må leve med. Ord som ikkje blir sagt. Ord som nektar. Ord som provoserer. Ord som gjer at ho skil seg ut. Noko som lett kan skape problem. Det hjelp å skrive. Ei smule av muren blir brote av kvar gong ulovlege ord blir sagt utan lyd.

I skapet lengst borte, djupt inn i den inste skuffen. Under dei tjukke teppa av diskriminering. Den skjulte opninga som fører til *Det Aller Hemmelegaste*. Det mest verdifulle ho har. Lysten til å rive muren er stor. Men for risikerande. Det er lurast å vente til byen søv. Ja, då er det tryggast.

Tankane blir avbrotne. Døra blir slengd opp. Ho møter blikket hans. Eit steinhardt og uleseleg blick. Kvifor bryr han seg plutselig nå? Eller gjer han? Kalypso leitar etter svaret han forventar. Ho veit godt kva han vil høyre. Men kva er det *ho* vil han skal høyre?

Ikkje lov med blikkontakt. Ikkje lov med pausar. Forventningane er den tyngste byrda til Kalypso. Forventningane er som ei lenkje rundt ankelen; eit blankt lerret. Ei lenkje ho før var bunden til. Slik som alle andre. Ei lenkje ho nå har klart å bryte av. Likevel er det noko som hindrar henne i å vise fargane. Fargane som gjer henne unik. Gjer henne til henne. Dei særeigne fargane. Hindringa. Muren. Den minner om kven ho er, men også om konsekvensane.

Orda er der. Prøver å grave seg ut. Leitar etter opninga som førar til straff. Liding. Berre eitt ord kan forandre livet. Eitt ord.

«Det verste ein kan gjere, er å finne seg sjølv». Kriminelt. Opprørande. Kalypso har funne seg sjølv. Muren blei bygd. Då ho braut lenkene. Ho fann ord. Ord og meiningar. Som øydelegg henne. Lenkjar henne fast. Om dei blir avslørte.

Kalypso er klar til å seie det forventa svaret. Muren pressar hardt. Prøver den å fortelje ho noko? Minne Kalypso på kven ho er. Muren er for stor. For sterk. Dei øvste mursteinane ramlar ut. Sakte, men sikkert følgjer det på fleire. Det blir stille.

«Bør eg fortsette?» Kalypso ser mannen djupt inn i auga. Forvirring. Eit hint av sinne som brer seg. Ho kjenner muren mot brystet. Eit ubeskriveleg trykk. Eit trykk som fører til at kvart ord. Eit etter eit. Ramlar ut som eit steinras.

Dei neste blir eit skrik. Raseri. Hat. Auga hans blir fylt av svart. Berre eit ord er nok. Meir enn eit ord. Meir enn ein murstein. Falt. Så inderleg langt.

Kalypso tenker på mor si. Hennar siste ord. Eit varsel. Ikkje gjer det same som henne. Ho merkar no for fyrste gong. Kor lik ho er mora. Hugsar godt korleis det skjedde. Kalypso stod nesten usynleg. Gøymd bak mora si diskrimineringskåpe. Saltdråpa blei til ein foss. Eit vanleg syn. Mannen var annleis då. Aldri hadde ho sett han slik. Orda hans eksploderte. Fylte rommet med ein kvelande gass. Forårsaka meir salt. Det same skjer med henne. Ho står. Venter.

Svimmel av tankar og ord. Står i same stilling som mor. Den gong. Blikket retta mot føtene hans. «Uansett kva som vil skje, fortener eg det». Lenkjene kjem til syne. Strammar grepet. Byrjar å kontrollere henne. Nok ein gong. Nei. Ho kjenner presset mot brystet. Det brenn inn i henne. Raudt. Som om sjølv sjela. Fargane på lerretet. Det som gjer henne til *henne*. Blir raude. Oransje. Brann.

Ho lyftar blikket mot mannen. Blikket hans. Uttrykket hans. Eit smil? Eit uvanleg smil. Ikkje glede. Ikkje sorg. Fargane byrjar å teikne. Lerretet. Sjela. Blir eit fargerikt bilete. Av henne. Om henne. Eit vakkert bilete. Håp. Muren faller. Skuldrane lettar. Det blir eit ljost bilete. Men kvitt blir fort til svart. Kalypso skjønner. Smilet hans. Det er vondskap. Rein, kald, steinhard vondskap. Det er papirark bak ryggen hans. Ho blir til stein. Det Aller Hemmelegaste.

Fargane. Dei blir borte. Ho kan ikkje. Lerretet er atter blankt. Orda blir igjen til murstein. Murstein skaper muren. Muren blir til klippe. Klippa. Høgare enn nokon gong. Og fargestiftane blir atter stengt bak klippa.